

Arbeidsrapport nr. 233

Anne Steinsvik Nordal

Nynorsk som hovudmål – større norskkompetanse



HØGSKULEN I VOLDA



2008

Forfattar	Anne Steinsvik Nordal
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	978-82-7661-276-9 (elektronisk utgåve) 978-82-7661-274-5 (papirutgåve)
ISSN	0805-6609
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Anne Steinsvik Nordal er leiar for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret).

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegner i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller lærermateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Innhald

1. Innleiing	4
2. Hovudfunn.....	5
3. Bakgrunn for granskinga	6
4. Nynorsk ti år etter.....	6
5. Etter vidaregåande – meir bokmål.....	7
6. I arbeidslivet – endå meir bokmål	8
Kva skriftform vert brukt	8
Kontroversielt med nynorsk på jobb	9
Kjønn og skriving i jobsamanheng.....	11
7. Nynorsk i ”kjerneområdet”	12
8. Nynorsk og dialekt i privat skriving.....	14
9. Nynorsk og kjønn i privat skriving	15
10. Ein fordel å kunne skrive begge målformer	16
Norsk = nynorsk og bokmål	17
Nynorsk er også bynorsk.....	19
11. Oppsummering	21
Litteratur.....	22

1. Innleiing

Ungdom frå Volda, som har hatt nynorsk som hovudmål, har ein meir breispektra norskkompetanse enn dei som kan skrive berre ei målform. Ti år etter at dei gjekk ut av ungdomsskulen, skriv halvparten av ungdommane bokmål i jobbsamanheng, men i privat samanheng bruker dei fleste dialektprega skrift. Dei skriv altså ikkje berre ei målform, men bruker heile den norskspråklege kompetansen sin, og tilpassar skrivinga etter kven dei skriv til.

Ei gransking av kva skriftspråk ungdommar frå Volda bruker i dag, er grunnlag for desse funna. Målet med granskingsa er å finne ut noko om korleis og i kva grad elevar som har hatt nynorsk som hovudmål, held fram med å skrive nynorsk etter at dei er ferdige med grunnopplæringa.

Granskingsa vil undersøkje på kva område og korleis informantane bruker nynorsk ti år etter at dei var ferdige med grunnskulen. Eit anna mål er å finne ut om informantane meiner det er fordelar med å ha nynorsk som opplæringsmål. Granskingsa er meint som eit grunnlag for seinare kvalitative intervju med eit utval av dei som er med i dei to granskingane.

Hypotesen er at elevane med nynorsk som hovudmål må ha ein brei norskspråkleg kompetanse, og må kunne skrive begge målformer i høgare grad enn dei som har bokmål som hovudmål. Dei som har bokmål som hovudmål, møter nynorsk stort sett berre i opplæringa, og kan i mange samanhengar greie seg utan å skrive nynorsk når dei er ferdige med vidaregåande skule. Nynorsk og bokmål er jamstelte målformer i det norske samfunnet, men rammevilkåra for nynorskskrivarar er ikkje dei same som for bokmålsskrivarar.

2. Hovudfunn

Hovudoppgåva mi vart levert i 1996, og var ei granskning av språkhaldninga hos elevar i 9. klasse i grunnskulen. Tittelen på oppgåva er ”Frå eg til jeg”, og oppgåva er grunnlag for den oppfølgjande granskingsa som var gjord i 2006. Informantane gjekk ut frå ungdomsskulen i 1996, og dei er i dag om lag 28 år gamle. Alle hadde nynorsk som hovudmål då dei var elevar på ungdomsskulen.

Ti år etter at den første granskingsa vart gjennomført, vart nye spørjeskjema sende ut til dei tidlegare elevane. Det kom inn 48 svar, frå 30 kvinner (62 %) og 18 menn (38 %), ein gjennomsnittleg svarprosent på 59. Av dei 48 ungdommane som har svart på spørsmåla, bur 20 framleis i Volda og Ørsta, 3 bur i andre landkommunar, medan 24 bur i større byar, og 1 bur i ein by i utlandet.

Den mest brukte skriftforma på arbeidsplassane til informantane er bokmål, og dei fleste skriv mest i jobbsamanheng. Det er like mange av informantane som skriv bokmål som nynorsk i samband med arbeidet dei har, om lag 35 % som bruker bokmål og om lag 35 % bruker nynorsk i jobbsamanheng. Dei som har gått over til å bruke mest bokmål, gjorde det etter vidaregåande skule, då dei tok til å studere eller kom i arbeid (sjå detaljerte svar lenger nede i teksta), og det er arbeidssituasjonen som vanlegvis utløyser skriving på bokmål.

Når det gjeld privat skriving, er nynorsk (ca. 38 %) og dialektprega skrift (ca. 38 %) mest brukt, berre 4 (ca. 8 %) av informantane skriv bokmål privat, medan resten skriv både nynorsk, bokmål og dialektprega skrift i privat samanheng. Fleirtalet av informantane meiner likevel at det er lettast å skrive bokmål.

Om lag ein tredel av informantane meiner at dei skriv bokmål og nynorsk like godt, ein tredel skriv best nynorsk, og litt under ein tredel skriv best bokmål. Det store fleirtalet av ungdommane meiner det er ein fordel å ha lært å skrive begge målformer (sjå tala lenger nede i teksta).

3. Bakgrunn for granskinga

Bakgrunn og samanlikningsgrunnlag for granskinga i 2006 er altså språkhaldningsgranskinga som vart gjennomført i 1996 mellom 79 elevar i 9. klasse, som då var siste året på ungdomsskulen. Det var 41 jenter og 38 gutar som var med i granskinga i 1996. Granskinga frå 1996 viste at elevane var opne for å endre skriftspråket sitt og innstilte på å skifte skriftspråk alt etter kva situasjon dei var i når dei skulle skrive.

Granskinga viste òg at jentene var meir villige til å tilpasse seg språkleg enn gutane, og at jentene skreiv meir dialektprega enn gutane. Jentene såg ut til å skrive i fleire samanhengar (t.d. brev, dagbok, ”lappar”) enn gutane, og jentene hadde betre karakterar både i nynorsk (hovudmål) og i bokmål (sidemål) i norskfaget. Jamt over hadde elevane betre karakterar i bokmål, som var sidemålet deira, enn i nynorsk, som dei hadde som hovudmål.

Få av elevane såg ut til å ha sterke kjensler knytte til skriftspråket sitt, men dei fleste ville halde fram med å skrive nynorsk, dersom dei fekk høve til det. Mange av elevane var interesserte i å lære meir bokmål, men dei var lite interesserte i å lære meir nynorsk, trass i at dei syntest at det var vanskelegare å skrive nynorsk enn bokmål.

Spørsmålet om kva språkform elevane skulle skrive, såg ut til å vere underordna andre val elevane stod framfor, og mest alle elevane fann i 1996 gode grunnar til å skrive bokmål i framtida. (Nordal, A. St. 1996.)

4. Nynorsk ti år etter

Informantane i granskinga frå 2006 bur no på ulike stader i Noreg: 17 av dei 48 informantane bur framleis i Volda, og 3 bur i Ørsta, som er nærmaste grannekommunen. Elles bur tre informantar i andre landkommunar: 1 informant i Surnadal, 1 på Karmøy og 1 i Lindås. 24 av informantane bur i større byar: 10 bur i Oslo, 7 bur i Bergen, 3 i Ålesund, 2 i Trondheim, 1 i Molde og 1 i Kristiansand. 1 informant bur i Århus i Danmark. Over halvparten av informantane bur i dag i byar, og om ein reknar Volda, Ørsta, Karmøy og Lindås som ”tettstader”, så bur dei aller fleste av informantane i tettbygde strøk.

Volda ligg i det såkalla ”kjerneområdet” for nynorsk skriftspråk, og resultata av granskinga kan vere typiske for slike område. Lars Vikør har definert ”kjerneområdet” som ”bygder og tettstader på Vestlandet og fjellbygder i tilgrensande område på Austlandet” (Vikør, L. 2005). I kjerneområdet er det eit kjenneteikn at nynorsk dominerer i skule og lokalpresse. Over halvparten av informantane i denne granskinga bur i byar (25), og er då etter denne definisjonen busette utanfor ”kjerneområdet”.

5. Etter vidaregåande – meir bokmål

Spørsmålet om kva hovudmål ein har, må ein sjå i samanheng med grunnopplæringa. Det er berre i opplæringssamanheng at det er tale om hovudmål og sidemål; seinare i livet kan ein velje kva målform ein vil skrive, utan å ta omsyn til opplæringsmålet. Når ein er ferdig med 10. klasse, er det eit mål at ein skal kunne skrive både nynorsk og bokmål i alle sjangrar (sjå Kunnskapsløftet 06):

Skriftlige tekster. Mål for opplæringen er at eleven skal kunne lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk artikkels, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri

Å kunne velje kva skriftform ein vil skrive, er avhengig av at ein meistrar begge skriftformene, og høvet til å skifte mellom å skrive nynorsk og bokmål vert sjølv sagt større til meir likeverdig kompetanse ein har.

På spørsmålet om kva hovudmål informantane lærte i grunnskulen, svarer alle dei 48 informantane at dei hadde nynorsk som hovudmål. Dette var like eins på ungdomsskulen, men i vidaregåande skule har talet minka til 45. Den store endringa og overgangen til å skrive meir bokmål kom likevel då informantane tok til i høgare utdanning og i arbeid. I høgare utdanning er det 19 (40 %) som har kryssa av for at dei brukte nynorsk i eksamenssvar, 14 (29 %) som har kryssa for bokmål, og 2 som har brukt engelsk, 3 informantar har brukt bokmål og engelsk, 1 har brukt bokmål og eit anna språk, og 1 har brukt både nynorsk og bokmål. 8 (17 %) av informantane har ikkje svart på spørsmålet, mange kanskje fordi dei ikkje har teke høgare utdanning.

I Volda-distriktet stemmer det altså ikkje at dei fleste elevane går over til å skrive meir bokmål etter ungdomsskulen (jf. Grepstad O. 2005 kap. 3). Her skjer overgangen til å skrive

meir bokmål etter at elevane er ferdige med vidaregåande skule. Dette har truleg samanheng med at den vidaregåande skulen ligg i ”kjerneområdet”, og at elevane ikkje er utsette for særleg meir bokmålspress frå omgjevnadene på vidaregåande enn dei var i grunnskulen. Kvar ein går på vidaregåande skule, ser ut til å ha mykje å seie for når ein eventuelt går over til å skrive meir bokmål. Det er målforma i opplæringa, i lokalmiljøet og i regionen som er avgjerande for om dei fleste elevane framleis skriv nynorsk (jf. Hellevik O. 2001:1).


6. I arbeidslivet – endå meir bokmål

Kva skriftform vert brukt?

På spørsmålet om kva tid informantane skriv mest, svarte 32 informantar at det er i samband med jobben. 13 informantar svarer at dei skriv mest privat, 2 har ikkje svart, og 1 skriv like mykje på jobb som i privat samanheng. Skriving er i dag ein viktig del av arbeidslivet, og krava til skriving i jobbsamanheng er ofte store. Det er sjølv sagt større krav til å skrive korrekt språk i jobbsamanheng enn når du skriv privat.

Samanliknar ein bruken av nynorsk i høgare utdanning og i jobbsituasjonen, kan ein sjå at av dei 19 som brukte nynorsk i høgare utdanning, er det 17 som bruker nynorsk i jobben dei har no. Det verkar som ein tendens at dei som brukte nynorsk i utdanningsperioden, også vil bruke nynorsk i jobbsamanheng, det kan ein sjå når ein går inn på kvart einskilt svarskjema.

I samband med skriving på jobb svarer 17 (33 %) at dei sjølvve skriv mest bokmål, 17 (33 %) skriv mest nynorsk, 3 bruker mest engelsk, 3 har ikkje svart, 5 bruker både bokmål og nynorsk, 2 bruker engelsk og bokmål, og 1 bruker engelsk, nynorsk og bokmål. I jobbsamanheng utfører ein gjerne skrivearbeid som er pålagt av ein arbeidsgjevar, og høvet til å velje skriftform vert dermed truleg mindre. Mange språk er i bruk i jobbsamanheng, og sidemålet bokmål er svært nyttig, og truleg heilt nødvendig, å kunne for desse informantane som har lært nynorsk som hovudmål. Å ha høg kompetanse i skriftleg bokmål er viktig for dei fleste med nynorsk som hovudmål når dei kjem ut i arbeidslivet.



Figur 1: Skriftformer som vert brukte på jobb

Bokmål er den mest brukte skriftforma på arbeidsplassane til informantane. 25 informantar svarer at bokmål er mest brukt på arbeidsplassen, 14 svarer nynorsk, 7 svarer engelsk, 1 svarer eit anna språk (dansk) og 1 ein informant har ikkje svart. Svaralternativa er bokmål, nynorsk og engelsk. Ein kan sjå desse tala i samanheng med kva type arbeidsplass informantane har. Private verksemder, også i kjerneområda, har tradisjonelt brukt lite nynorsk, og offentlege verksemder følgjer heller ikkje alltid reglane for målbruk i staten. Det er oftast lite kontroll med kven som følgjer reglane, og kan du ikkje skrive nynorsk, så er det nok få som reagerer på at du skriv bokmål. På mange arbeidsplassar ligg det truleg sterke føringar om språkbruk som ikkje er nedskrivne eller uttalte.

St.meld. nr. 35 2007–2008 kap 9.1.1.1, kommenterer dette slik:

Nynorsk – formelt likestilt, reelt diskriminert: Likevel, det gjennomgåande biletet når vi ser landet under eitt, er at nynorsk er eit språk som er diskriminert. Ikkje minst slår dette ut overfor brukarane av språket. Særleg gjeld dette innanfor privat sektor, men det er i høg grad tilfellet også innanfor det offentlege.

Kontroversielt med nynorsk på jobb

Nynorsk har alltid vore kontroversielt, med periodiske kampanjar og mobbing mot seg, noko både nynorskbrukarar som har stukke seg fram i riksmedia har fått merke, og meir vanlege folk som har reist ifrå nynorskdominerte område for å bu og jobbe andre stader i Noreg.
(Vikør, L. 2005:2)

21 av informantane er tilsette i private verksemder, 14 i offentlege verksemder, 2 er tilsette i organisasjonar, 1 arbeider i offentleg verksemde og studerer, 1 arbeider i organisasjon og

studerer, 1 er i privat verksemder og studerer, 7 har arbeid som kjem under kategorien ”anna”, og 1 har ikkje jobb.

For dei som arbeider i offentlege verksemder, gjeld ”lov om målbruk i offentleg teneste” eller mållova, som ho òg vert kalla. Lova seier at: *Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune* (mållova § 1). Offentleg tilsette i nynorskkommunar, det vil seie kommunar med nynorsk som administrasjonsspråk, skal skrive nynorsk, men lova har ingen sanksjonar ved brot på reglane, og kontrollen med skriftspråkbruken i kommunane er vel heller ikkje streng. Dei som arbeider i det offentlege, har på denne måten støtte i lovverket for å kunne bruke nynorsk, medan slike lover ikkje finst for det private næringslivet.


På spørsmål om kva språkform informantane ville bruke i jobbsamanheng om dei fekk velje fritt, svarer 20 at dei ville valt bokmål og 26 nynorsk, 2 har ikkje svart. Dette viser at mange fleire ville skrive nynorsk om målforma verkeleg var valfri på arbeidsplassane.

På spørsmålet om dei har undersøkt om dei kan skrive nynorsk på jobben, er det 8 som ikkje har undersøkt det, 8 som har undersøkt dette, og 1 som ikkje har svart. Av dei 17 som skriv bokmål på jobben, er det 9 som arbeider i privat verksemder, 4 i offentleg verksemder, 4 i organisasjonar eller studerer. Sidan så pass mange ikkje har undersøkt dette, kan det verke som eit spørsmål det kostar litt å stille til arbeidsgjevar. Informantane oppdagar fort kva målform som er vanleg på arbeidsplassen, og det er ofte lange tradisjonar for å skrive berre bokmål på mange arbeidsplassar. Det skal individuelt frimot og god sjølvtillit til for å stille spørsmål om å bruke ei anna målform enn den tradisjonelle, og kanskje særleg med det same ein tek til i ein ny jobb. Om ein først har teke til å skrive bokmål i jobben, og vist at ein kan det, så er det kanskje vanskeleg å skifte seinare. Tradisjonar og haldningar til nynorsk hos arbeidsgjevar og på arbeidsplassen kan ha stor innverknad på kva skriftform den enkelte arbeidstakar bruker, sidan mange fleire ville valt nynorsk om dei fekk velje fritt.

Kjønn og skriving i jobbsamanheng

Av kvinnene er 9 (30 %) tilsette i private verksemder og 10 i offentlege verksemder, medan 12 (66 %) av mennene er tilsette i private verksemder og 4 er tilsette i offentlege verksemder.

I jobbsamanheng er det 11 kvinner som skriv nynorsk, 13 som skriv bokmål, 4 skriv bokmål og nynorsk, og 2 har ikkje svart. Ein kan legge merke til at berre 2 av kvinnene (6 %) skriv bokmål i privat samanheng, medan 53 % skriv bokmål i jobbsamanheng. 6 av mennene skriv nynorsk i jobbsamanheng, 4 skriv bokmål, 1 nynorsk og bokmål, 2 bokmål og engelsk, 1 skriv bokmål, nynorsk og engelsk, 3 engelsk, og 1 har ikkje svart. Det er like mange menn som skriv nynorsk i privat samanheng som på jobb. Fleire menn enn kvinner skriv engelsk på jobb. Kvinnene skriv totalt sett meir nynorsk enn mennene, og det står i kontrast til granskninga frå 1996, der jentene var mest tilpassingsvillige til fleirtalsspråket. I jobbsamanheng bøyer kvinnene seg for fleirtalet og det dominerande språket, men privat er det annleis.



Figur 2: Kjønn og skriving i samband med jobb

Fleire kvinner enn menn skriv bokmål i jobbsamanheng. Dette står i kontrast til skriftspråk i privat samanheng, der kvinnene skriv mest nynorsk. Mennene bruker eit større mangfold av språk i arbeidslivet, både bokmål, nynorsk og engelsk, og nokre skriv berre engelsk når dei er på jobb (sjå tala i avsnittet over).

7. Nynorsk i ”kjerneområdet”

I kjerneområdet dominerer nynorsk i skole og lokalpresse og ofte også i det lokale næringslivet. I regional og lokal kultursamanheng står nynorsken også sterkt. (Vikør, L. 2005:1.) Det er klart at i Volda/Ørsta-regionen står nynorskkulturen sterkt, ikkje minst på grunn av Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-instituttet og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, som alle er lokaliserte i området. Skulen og lokalpressa er truleg likevel dei viktigaste nynorskbastionane i distriktet.

Sjølv om kommunane Volda og Ørsta ligg i det såkalla kjerneområdet for nynorsk, vert det skrive både bokmål og nynorsk på arbeidsplassane i kommunane. I kva grad nynorsk er dominerande i næringslivet, finst det lite oversikt over.

På spørsmål til informantane om kva skriftform som er mest brukt på deira arbeidsplass, svarer dei 20 informantane som no bur i Volda (17) og Ørsta (3) slik: 12 svarer at det vert skrive mest nynorsk, 5 svarer at det vert skrive mest bokmål, 2 at det er mest engelsk, og 1 har ikkje svart på spørsmålet.


Av dei 20 informantane som bur i Volda og Ørsta, er 10 tilsette i private verksemder, 5 i offentlege verksemder, 3 studerer, og 2 har anna type jobb. At så pass mange arbeider i private verksemder, kan forklare at 7 av dei som bur i Volda-Ørsta, skriv meir eller mindre bokmål i jobbsamanheng. Svært mange verksemder i regionen manglar tradisjonar for å skrive nynorsk.

Det er 10 av informantane som skriv mest nynorsk i jobbsamanheng, 4 skriv mest bokmål på jobb, 2 skriv både nynorsk og bokmål, 1 skriv bokmål og engelsk, og 3 har ikkje svart på spørsmålet. Om informantane fekk velje fritt kva språk dei ville skrive i jobbsamanheng, svarer 12 at dei helst vil skrive nynorsk, og 8 at dei helst vil skrive bokmål. Det er oppsiktsvekkjande at nesten halvparten av dei som bur i kjerneområdet for nynorsk, ynskjer å skrive bokmål i jobbsamanheng.

I privat samanheng er det 7 som skriv nynorsk, 9 som skriv dialektprega skrift, 2 som skriv bokmål, 1 som skriv både nynorsk, bokmål og dialektprega skrift, og 1 som skriv nynorsk og dialektprega skrift. I alt 11 av dei 20 informantane bruker somme tider dialektprega skrift i

private samanhengar. Det er altså stor forskjell på språkbruken i jobbsamanheng og i privat samanheng, og den dialektprega skrifta er dominerande privat.

Når ein spør kva språkform dei likar best å skrive, så svarer 5 av dei 20 at dei likar best å skrive nynorsk, 4 likar best å skrive bokmål, medan 9 likar best å skrive dialektprega skrift, 1 likar best nynorsk og dialektprega skrift, og 1 likar best å skrive bokmål og dialektprega skrift. Eit interessant spørsmål i denne samanhengen er: Kva kjenneteiknar den dialektprega skrifta som informantane likar best å skrive? Den dialektprega skrifta har vore skildra som ei blanding av talemål, nynorsk, bokmål, engelsk (+ andre språk), skriven med vanlege bokstavar. Er dialektprega skrift særleg utbreidd mellom dei som har hatt nynorsk som hovudmål? Ei gransking frå så langt tilbake som 1984 viser at berre elevar med nynorsk som hovudmål skriv dialekt i brev (Grepstad, O. kap 3.8 : 2005).



Figur 3: Skriftform i privat samanheng i "kjerneområdet" Volda

På spørsmål til desse informantane som bur i ”kjerneområdet” om kva skriftform som er lettast å skrive (alternativa var nynorsk eller bokmål), svarer 9 at bokmål er lettast å skrive, 11 svarer nynorsk, og 1 svarer at det er like lett å skrive bokmål som nynorsk. Det som var interessant å leggje merke til, er at nesten halvparten synest at bokmål er lettast å skrive, og det går også fram av granskinga at 5 av dei som helst skriv dialektprega skrift, synest bokmål er lettast å skrive. Granskinga frå 1996 viste at elevane fekk betre karakter i bokmål (sidemål) enn i nynorsk, og det kunne vere interessant å undersøkje kor mykje bokmål det er i den dialektprega skrifta.

13 av desse informantane svarer ja på spørsmålet om det er ein fordel å lære å skrive både bokmål og nynorsk, medan 7 meiner det ikkje er ein fordel. På spørsmål om dei fritt kan velje


om dei vil skrive nynorsk eller bokmål på arbeidsplassen, svarer 14 at dei meiner dei kan velje, medan 4 meiner dei ikkje kan det, og 2 har ikkje svart på spørsmålet. Sjølv i kjerneområdet for nynorsk kan altså ikkje alle velje å skrive nynorsk på arbeidsplassen.

På spørsmål om kva skriftform informantane meiner dei skriv best, svarer 8 at dei skriv best når dei skriv nynorsk, 6 at dei skriv like godt bokmål og nynorsk, og 6 meiner dei skriv best når dei skriv bokmål. Særleg kan ein leggje merke til at om lag ein tredel meiner dei skriv begge målformer like godt, og at 6 meiner at dei skriv betre bokmål enn nynorsk, sjølv om dei har hatt mest opplæring i nynorsk og bur i eit område der nynorsk er brukt både i lokalaviser, i skulen og for ein stor del i det offentlege.

8. Nynorsk og dialekt i privat skriving

Når dei 48 informantane skriv i privat samanheng, så svarer 18 at dei skriv mest nynorsk, 4 skriv mest bokmål, 17 skriv dialektprega språk, 1 skriv bokmål og dialektprega skrift, 7 skriv nynorsk og dialektprega språk, 1 skriv bokmål, nynorsk og dialektprega språk. Dialektprega skrift er svært utbreidd, i alt har 25 informantar svart at dei skriv dialektprega språk. Berre 5 av informantane skriv bokmål privat. Det personlege skriftspråket, der ein ofte signaliserer noko om kven ein er og kva gruppe ein vil tilhøyre, er for dei aller fleste prega av nynorsk skriftspråk og dialekten dei snakkar.

Det er grunn til å tru at dialektprega skriftspråk ikkje er like utbreidd hos dei som har hatt bokmål som opplæringsmål som hos dei som har hatt nynorsk. Mi oppfatning er at dialektprega skrift er eit kompromiss mellom talemål, nynorsk og bokmål, med innslag av engelsk og moderne slangord. Det er vanskelegare å skrive korrekt nynorsk, og normert nynorsk signaliserer noko anna enn dialektprega skrift. Dialektprega skrift viser at ein er personleg og moderne, og fristiller skrivaren frå krava til ei fast norm. Nynorskopplæringa ser altså ut til å få størst innverknad på privat skriving, og i den samanhengen er sjølv sagt også fridommen til å kunne velje skriftform størst.




Figur 4: Skriftform i privat samanheng

9. Nynorsk og kjønn i privat skriving

Av dei 30 kvinnene som har svart, er det 12 som seier dei skriv nynorsk i privat samanheng, 1 som skriv bokmål, 12 som skriv dialektprega skrift, 4 som skriv nynorsk og dialektprega skrift, og 1 som skriv både bokmål, nynorsk og dialektprega skrift.

Av dei 18 mennene er det 6 som seier dei skriv nynorsk i privat samanheng, 3 skriv bokmål, 5 skriv dialektprega skrift, 1 skriv nynorsk og dialekt, og 3 skriv bokmål og dialekt. Det er færre menn som skriv nynorsk privat enn kvinner, og færre som skriv dialektprega skrift. Berre vel 3 % av kvinnene skriv berre bokmål privat, medan vel 16 % av mennene skriv bokmål privat. Det er få informantar i granskinga, og tala gjev stor utslag. Likevel kan ein sjå det som ein tendens at kvinner bruker meir nynorsk i private samanhengar enn det menn gjer. I 1996 var det jentene som var mest innstilte på å tilpasse seg og endre språkform, men her viser det seg at kvinnene held best på opplæringsmålet sitt, i alle fall i privat skriving.



Figur 5: Kjønn og privat skriving

I Stortingsmelding nr. 35 2007–2008 kap. 5.4. er det referert til andre granskingar som støttar desse funna:


Mellan 1995 og 2005 vart det gjennomført fire store meiningsmålingar som alle viser dei same hovudtrekka i bruksmønstera for bokmål og nynorsk. Det er få sosiale skilnader mellom bokmåls- og nynorskbrukarar. Det er ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat,....

Kjønnsforskjellane er små når det gjeld dialektprega skrift, halvparten av mennene bruker dialektprega skrift privat, litt over halvparten av kvinnene skriv dialektprega i privat samanheng. Dialektprega skrift ser ut til å vere meir utbreidd mellom mennene no enn det var då dei var elevar i ungdomsskulen. Ein av grunnane til det kan vere at no skriv dei fleste ungdommar i tjueåra mange tekstmeldingar og e-brev der dialektprega skrift er vanleg. I 1996 var bruken av tekstmeldingar og e-brev ikkje så utbreidd.

10. Ein fordel å kunne skrive begge målformer

Av dei 48 informantane i granskinga svarer 19 at dei likar best å skrive nynorsk, 11 likar best å skrive bokmål, 15 likar best dialektprega skrift, 2 engelsk, medan 1 likar best å skrive bokmål og dialektprega skrift.

Når ein spør kva målform informantane meiner dei skriv best, svarer 17 at dei skriv best nynorsk, og 14 at dei skriv best bokmål, medan 17 svarer at dei skriv begge målformer like godt. Over ein tredel av informantane meiner altså at dei har like god kompetanse i bokmål som i nynorsk. Det er 42 av dei 48 informantane som meiner at det er ein fordel å lære å skrive både bokmål og nynorsk, medan 6 meiner det ikkje er nokon fordel. Grunnlag for desse standpunktata kjem fram i kommentarane lenger nede. Kompetansen dei har til å skrive begge målformer like godt, får lite merksemd, og vert kanskje også lite utnytta av dei som har denne breie norskkompetansen.



Figur 6: Skriftforma ein skriv best

Når spørsmålet gjeld kva skriftform som er lettast å skrive, svarer 23 av informantane bokmål og 21 nynorsk. 4 meiner at det er lett å skrive nynorsk som bokmål. Trass i at alle informantane har hatt nynorsk som opplæringsmål, meiner dei fleste altså at det er lettare å skrive bokmål enn nynorsk. At ein lærer bokmål fordi ein ser bokmålsskrift overalt i det norske samfunnet, er kanskje viktigaste grunnen til at ein synest at det er lettare å skrive bokmål enn nynorsk. I denne samanhengen kan det vere grunn til å sjå både på nynorsk-opplæringa og rettskrivningsnorma nynorsk, og å finne ut kva som må til for å styrke den skriftlege nynorskopplæringa for dei elevane som har nynorsk som opplæringsmål?

Norsk = nynorsk og bokmål

Det siste spørsmålet i granskninga er ope: *Kan du nemne nokre fordelar ved å lære både bokmål og nynorsk?*

Nokre av svara er tydeleg positive:

- (1) *Det å kunne skrive på begge målformer kan bidra til ein økt forståelse for språkkulturen i Noreg.*
- (2) *Det viktigaste er likevel ikkje, etter mitt syn, å kunne skrive begge; men å kunne velje å skrive det språket som er nærast eins muntlege språk.*
- (3) *Betre forståing. Kanskje forstår ein dialektar betre? Større ordforråd?*
- (4) *Utviklar godt språk og ordforråd.*
- (5) *Enkelt å tilpasse meg mottakaren og det han skriv. Viktig å ta vare på den norske kulturen.*
- (6) *Betre forståing av både språk og meining i kommunikasjon, både i jobb/studiar og privat.*

- (7) *Ekskluderande å ikkje kunne begge skriftspråka, så lenge dei begge er norske skriftspråk.*
- (8) *Å beherske begge skriftspråka vil vere ein fordel dersom eg skulle hamne på ein arbeidsplass der det vert kravd at eg skriv bokmål. Utover det kjem eg ikkje på dei store fordelane. Sjølv har eg ikkje skrive ei setning på bokmål sidan ungdomsskulen, og har ikkje opplevd noko som har vore til hinder for å halde seg til nynorsken.*

Desse svara viser at mange har eit positivt forhold til kravet om å lære både nynorsk og bokmål. Kanskje har desse elevane nådd måla i læreplanen om språkleg sjølvtilleit.

I læreplanen frå 2006 ”Kunnskapsløftet” (s. 41), står det:

Et hovedmål for opplæringen i norsk gjennom det 13-årige løpet er språklig selvtilleit og trygghet i egen kultur som grunnlag for utvikling av identitet, respekt for andre kulturer, aktiv samfunnsseltakelse og livslang læring

Men det ser også ut som om hovudmålet for norskkopplæringa, om utviklinga av språkleg sjølvtilleit og tryggleik i eigen kultur, ikkje er nådd for ein del av elevane med nynorsk som opplæringsmål. At nynorskopplæringa i skulen ikkje er god nok, kan føre til at mange tykkjer det er lettare å skrive bokmål.

Det kan ein også sjå på desse meir negative kommentarane:

Ein mann som no bur i Volda/Ørsta-området, skriv: (9) *Ser ikkje at det er nokon fordel ved å lære begge skriftspråka. Dei er altfor like og lette å blande saman. I barne- og ungdomsskulen har vi nynorsk som hovudmål, medan all påverknad ellers i samfunnet er på bokmål. Dette fører til at svært få kan skrive nynorsk utan å blande inn bokmål.*

Ein annan mann som også bur i dette området, og som arbeider i ei privat verksemد, uttrykkjer seg slik: (10) *Nei, det er viktig å kunne skrive grammatisk og formelt korrekt. Denne faktoren blir generelt svekket ved å lære to skriftspråk. For norsk språk er det viktig å prøve å beskytte det opprinnelige språket. Nynorsk kan vi unngå, det kan vi ikke med dialektfraser og engelske fraseologier.*

Ein tredje mann som bur i Volda-Ørsta-området, skriv: (11) *Eg føler at det ofte virkar meir ”formelt” å skrive bokmål dersom ein skriv til dømes soknad eller liknande. Særleg dersom*

ein rettar seg mot større firma. Det er og ein del som ikkje vil forstå deg om du brukar nynorsk.

Ein fjerde skriv: (12) *Eg ser at det kan være veldig forvirrende å skulle lære begge skriftspråka.*

Ei kvinne som no studerer og arbeider i ein organisasjon, skriv: (13) *Då har ein eit reelt valg om ein vil skrive bokmål/nynorsk.*


Av dei 48 informantane er det 41 som svarer at dei meiner det er ein fordel å kunne skrive begge målformer, berre 7 meiner det ikkje er ein fordel. Ein representant for fleirtalet skriv: *Eit godt vokabular består av ord frå begge skriftspråka.*

Desse kommentarane viser at meiningane om verdien av å lære å skrive nynorsk er delte, også mellom dei som har hatt nynorsk som opplæringsmål. Argumenta for og i mot er kjende, og ein kan leggje merkje til at også somme av dei som bur i ”kjerneområdet”, synest det er vanskeleg å skrive nynorsk fordi påverknaden frå bokmål er så stor. Argumentet med at bokmål verkar meir ”formelt”, er forstædeleg, fordi det er mykje meir vanleg å sjå bokmål enn nynorsk som trykt skrift. Om nynorskskrivarane får ei kjensle av å vere diskvalifiserte alt i søkeradssituasjonen, er det svært negativt, og at somme hevdar at dei ikkje forstår nynorsk, er heller ikkje uvanleg. Fordelane med å kunne skrive begge målformer er kanskje ikkje så verdsett i samfunnet, og verdien av språkleg mangfold og rikdommen med å ha to norske skriftformer vert truleg for lite omtalt og vektlagd i skulen.

Nynorsk er også bynorsk

Det er 25 av informantane som no bur i større byar: Oslo, Bergen, Trondheim, Kristiansand, Ålesund og Molde, og av desse er det 15 kvinner (50 %) og 10 menn (56 %). Av bybuarane svarer berre 10 at dei bruker bokmål som skriftspråk på jobben, 7 bruker nynorsk, 3 bruker engelsk, 3 skriv både nynorsk og bokmål, 1 skriv bokmål og engelsk, og 1 skriv både nynorsk, bokmål og engelsk på jobb. Ein må leggje merke til at om lag ein tredel av bybuarane får nytte nynorskkompetansen sin i jobbsamanheng sjølv om dei bur i ein by. Dette kan vere viktig informasjon til elevar med nynorsk som opplæringsmål, fordi det er lett å tru at i byane skriv alle bokmål i jobbsamanheng.

Av dei 25 bybuarane er det 7 som svarer at dei skriv nynorsk i privat samanheng, 3 som skriv bokmål, 8 som skriv dialektprega skrift, 5 som skriv nynorsk og dialektprega skrift, 1 som skriv både nynorsk og bokmål, og 1 som skriv bokmål og dialektprega skrift. Sjølv om informantane bur i by, er det få som skriv bokmål i privat samanheng, og dialektprega skrift er utbreidd.



Figur 7: Skriftform privat for bybuarar frå Volda

Av dei 7 som bruker nynorsk som skriftspråk på jobb, bur 2 i Oslo og arbeider i offentlege verksemder og/eller studerer, 3 i Bergen, alle i offentleg verksemd, og 3 i Ålesund, der 1 arbeider i offentleg og 2 i privat verksemder. Dei som skriv engelsk på jobb, bur i Oslo og er tilsette i private verksemder. Av dei 10 som skriv bokmål på jobb, er 3 tilsette i offentlege verksemder, 5 arbeider i private verksemder, 1 arbeider i ein organisasjon, og 1 studerer. Det er altså i private verksemder ein finn dei fleste bokmålsskrivarane.

Om ein samanliknar skriving på jobb med skriving i privat samanheng for dei informantane som bur i byar, så ser ein at av dei 7 som skriv nynorsk i jobbsamanheng, skriv 4 nynorsk privat, og 3 bruker dialektprega skrift. Av dei 3 som skriv engelsk på jobb, skriv 1 bokmål i privat samanheng, 1 skriv nynorsk og dialektprega skrift, og 1 skriv nynorsk og bokmål. 3 av bybuarane skriv bokmål privat, og av dei skriv 2 bokmål på jobb, og ein skriv engelsk. Av dei 3 som skriv både bokmål og nynorsk på jobb, skriv 2 nynorsk privat, og 1 skriv nynorsk og dialektprega skrift. Ein kan her sjå eit visst samsvar mellom skriving på jobb og privat-skriving. Dei fleste som skriv nynorsk på jobb, skriv nynorsk og dialect privat, medan dei som skriv bokmål og engelsk på jobb, også skriv nokon bokmål privat.

På spørsmål om kva skriftform dei 25 informantane som bur i by, likar best å skrive, svarer 11 at dei likar best å skrive nynorsk, 7 likar best å skrive bokmål, 6 likar best å skrive dialektprega skrift, og 1 likar best å skrive engelsk. Ein sluttar altså ikkje å like å skrive nynorsk sjølv om ein bur i ein by. Likevel har nynorsk som opplæringsmål mest å seie for privat skriving, der informantane fritt kan velje målform sjølve. Det er altså ikkje berre kva du har hatt som opplæringsmål og kvar du bur som er viktig, men ballasten du har med deg.

På spørsmål om kva språkform dei informantane som bur i byar, synest er lettast å skrive, svarer 9 nynorsk, 13 svarer bokmål, medan 3 har kryssa for begge målformer; altså at det er like lett å skrive bokmål som nynorsk. Påverknaden frå bokmål er større i byane enn i andre område i landet, og det lett å forstå at det vert enklare for bybuarar å skrive bokmål når dei ser skriftforma overalt rundt seg.

11. Oppsummering

Nynorsken si stilling på ulike område i samfunnet ser ut til å vere avgjerande for om kvar enkelt som har hatt nynorsk som opplæringsmål, held fram med å skrive mest nynorsk. På dei områda der det ligg til rette for å skrive nynorsk, held dei fleste fast på skriftforma si. Nesten ingen ungdommar som har hatt nynorsk som opplæringsmål frå ”kjerneområdet” Volda, går over til å skrive bokmål før dei tek til på vidaregåande studium eller kjem i arbeid. Den sterke stillinga til nynorsk i regionen heilt opp til og med vidaregåande skule, er viktig i høve til når ”skiftet” (til å skrive meir bokmål) skjer. Dei fleste av informantane har kompetanse til å skrive både nynorsk, bokmål og dialektprega skrift. Det er svært få som skifter skriftspråk frå å ha nynorsk som opplæringsmål til å skrive berre bokmål. Når dei skifter skriftform, så er det i jobbsamanheng, og bokmålskompetanse kjem godt med i den samanhengen. Dei fleste vekslar mellom språkformene og bruker den skriftforma som er best tenleg i ulike situasjoner. I privat skriving har dialekt og nynorsk stort gjennomslag, i jobbsamanheng har bokmålet ein større plass enn nynorsk. Eit stort fleirtal av ungdommane meiner det er ein fordel at dei har lært å skrive både nynorsk og bokmål, men dei vurderer sjølve når det passar, eller ”om dei har lov” til å bruke det nynorske skriftspråket sitt. Om nynorsk skriftspråk skal vere eit skriftspråk for framtida, er avhengig av om det vert akseptert og gjeve rom for på fleire område i samfunnet der ein skriv norsk. Den individuelle retten og kampen for å bruke nynorsk i alle samanhengar er ikkje vanleg og har ingen sterke tradisjonar i Noreg.

Litteratur

- Bourdieu, Pierre (1997): *Kultur och kritik*. Daidalos. Göteborg.
- Grepstad, Ottar (2005): *Nynorsk faktabok*. Nynorsk kultursentrum. Hovdebygda
- Hellevik, Ottar (2001): "Nynorskbrukaren – kven er han" (s. 117–139) i *Kampen for språket*. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. 1996.
- Læreplanverket Kunnskapsløftet. 2006
- Lov om målbruk i offentlig teneste, <http://www.sph.dep.no/templates/Kapittel.aspx?id=1851>
- Nordal, Anne Steinsvik (1997): *Frå eg til jeg?* Upublisert hovedoppgåve
- Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008): *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*.
- Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008): *Mål og meininger. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kkd 27. juni 2008,
- Vikør, Lars (2005): *Nynorsk under dobbelt press*. Nordmålforum. Nordisk språkklima under engelsk press (artikkel 8).
<http://www.norden.org/sprak/forside/8%20nynorsk%20under%20dobbelpress.pdf>